

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Brevik Birgitte og Leif Arne Risa

Skjersundvegen 21  
4250 KOPERVIK

**Dykkar ref.**

**Sakshandsamar:**

Ingrid Bjørge Pedersen

**Vår ref.**

2013/1213 - 0 -  
17965/2013

**Telefon**

**Arkivkode:**

169/7

**Dato:**

18.07.2013

*Delegert sak*

## **Løyve til etablering av parkeringsplass og avlaupsanlegg på gbnr 169/7 Eikeland Nordre**

### **Delegasjonssak:**

Kommunen gjev løyve til etablering av parkeringsplass, minireinseanlegg og støttemur i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 14.06.2012, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-2.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Kommunen gjev dispensasjon frå jf pbl § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) jf § 19-2.

### **Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:**

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

### **Søknaden**

Søknaden gjeld ettergodkjenning av etablert parkeringsplass, minireinseanlegg og terrasse og støttemur. Tomta ligg i området som i kommuneplan er sett av til LNF-spredd bustad. Men da dette er ein fritidsbustad er tiltak på tomta i strid med planføremålet. Det er søkt om dispensasjon, og den vart handsama i politisk utval den 20.06.2013. Det vart gjeve dispensasjon for etablering av parkeringsplass, minireinseanlegg, terrasse og støttemur

### **Nabotilhøve og andre sine kommentarar**

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

### **Uttale frå andre mynde**

Søknaden er sendt til Fylkeskommunen i Hordaland for uttale. Det er ikkje innkome merknader i saka.

### **Plangrunnlag**

Eigedomen vert omfatta av Kommuneplan for Lindås Kommune vedtatt 22.09.2011.

## Plassering og høgdeplassering

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

## Vatn- og avlaup

Løyve omfattar etablering av minirensanlegg. Utsleppsløyve vert handsama i eiga vedtak.

## Dispensasjonar

Det er eit føresetnad for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 at omsyna bak reglane det vert dispensert frå ikkje blir vesentleg sett til sides. Dei ulike reglane i planer har som oftast blitt til gjennom ein omfattande vedtaksprosess. Det skal derfor ikkje vera ei kurant sak å fråvika desse, også for at planen sitt hovudføremål som overordna informasjons- og vedtaksgrunnlag ikkje skal undergravast. Fordelane ved å gje dispensasjon må vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf § 19-2 andre ledd. Det vil normalt ikkje vera høve til å gje dispensasjon når omsyna bak reglane det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke.

Dispensasjon er handsama i politisk utval den 20.06.2013. Søknad om dispensasjon vert godkjent.

## Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 20.06.2013

Med heimel i pbl § 19-2 gjev kommunen dispensasjon for etablering av parkeringsareal og avlaupsanlegg i området sett av til LNF-spreidd busetnad, jf. pbl § 11-6, rettsverknad av kommuneplan.

Med heimel i pbl §§ 29-4 og 29-2 vert det gjeve avslag om dispensasjon for oppføring av frittliggande terrasse.

Det vert gitt dispensasjon for terrengtilpassning med tilhøyrande murer som vist i søknaden for opparbeiding av uteareal.

## Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn med dette å kunne gje løyve til parkeringsplass, minirensanlegg og støttemur i samsvar med søknad, kart, teikning og skildring.

Det vert gjeve avslag på etablert terrasse.

## Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2m Støttemur under 3,0 m	1	3.500
C.5.2j VA-anlegg	1	3.500
C.4.1 Dispensasjon i frå føresegn gitt i eller i medhald av Pbl	1	7.500
C.1.1 Bruk av kartbasis	1	500
<b>Totalt gebyr å betala</b>		<b>15.000</b>

**Klagerett.**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Einar Urheim  
fagleiar byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar